

Søknad

Søknadsnr.	2021-0478	Søknadsår	2021	Arkivsak
Støtteordning	Nærings- og utviklingsfond for utsette område			
Prosjektnamn	Restarte regionalt samarbeid for realistisk heilårsturisme			

Kort samandrag

Prosjektet skal restarte og forsterke samarbeid og utvikling i kriseråka reiselivsbygder i Sogn for å auke verdiskaping og lønsemd gjennom lengre sesong, og særleg ved å utvikle fleire heilårs arbeidsplassar i reiselivet og der gjennom meir levedyktige lokalsamfunn og bygder der det i dag er eit einseitig og sesongbasert næringsliv.

Beskriv omstillingsutfordringane og bakgrunn for prosjektet

Bakgrunn & behov – bygder i Vestland og ei næring i krise

Koronapandemien har råka reiselivet svært hardt i heile landet og i heile verda. I Sogn er fleire bygder svært avhengige av reiseliv og i tillegg er næringsstrukturen utanom primernæringane til dels einseitig oppbygd rundt reiseliv. Arbeidsløysa er stor, langt større enn vanleg. Og sidan pandemien dreg ut forvitrar økonomien som skulle vera grunnlag for nysatsingar og vidareutvikling. Kompetansebasen med erfaren og kompetent arbeidskraft held på å bli redusert vesentleg, og desse følgeskadane vil har lang effekt.

I juni 2020 var nedgangen i kommersielle overnattingar 85,4% i Vestland fylke (kjelde: FjordNorge AS). I følgje prognosar frå Avinor vil ikkje internasjonal flytrafikk vere tilbake på 2019-nivå før tidlegast i 2024/2025. I tillegg er det og stor uvisse knytt til framtidige reisevanar etter Korona-nedstengingane.

Reiselivsnæringa har gjennom svært lang tid vore prega av svak økonomi, mykje sesong-arbeidskraft og lite kraft til både eige og felles utviklingsarbeid. Mange bygder har fått eit einseitig næringsliv som i for liten grad er basert på heilårsarbeidsplassar som grunnlag for å utvikle robuste lokalsamfunn. Dei siste åra før koronapandemien opplevde reiselivet ei ny utvikling der det var stor vekst og vesentleg betre økonomiske resultat. Utviklinga gav grunnlag for nye viktige satsingar mot ein heilårsturisme. Den aukande turismen skulle spreia i tid og rom, og det ville gjere reiselivsbygdene meir robuste med heilårsarbeids-plassar som grunnlag for å utvikle meir kompetansesarbeidsplassar og meir solide fagmiljø som i sin tur vil støtta vidare auke i verdiskaping og lokal/regional bukvilket.

I nokre reiselivsbygder, spesielt i Flåm, var vinterenssesongen 2019-20 den beste nokon gong. Den viste ei svært lovande utvikling med sesongutviding, frå tidlegare midt i mai til midt i september, til no å sjå konturane av ein god sesong frå februar til oktober. Mykje tyda på at dette kunne utvikla seg til ein realistisk heilårsturisme. Flåm var komen lengst i arbeidet. Romjula og nyttår 2019-20 hadde fulle hotell.

Men korona-pandemien, som slo til midt i mars 2020, har gitt svært alvorlege konsekvensar for denne lovande utviklinga. Bransjen vart slegen ned att til ein sesong i 2020 som fekk ei lengd på omlag den norske «fellesferien». Sesongen 2021 ser ut til å bli omlag den samme som 2020. Forvitringa av

Økonomiske resursar og kunnskapsresursar i næringa, og særleg i dei mest råka lokalsamfunna er dramatisk.

Desse kriseråka reiselivsbygdene i Vestland har no eit særleg stort behov for å restarte utviklingsaktivitetane som såg ut til å vere på veg til å endre næringa sine grunnleggande problem med avgrensa sesongar, hovudsakleg sesongarbeidskraft og dermed sårbare lokalsamfunn med ein-sidedig næringsstruktur.

Men koronapandemien har og gitt andre turistar. Norske turistar har «oppdaga Norge», særleg Vestlandet og Nord-Norge. Og verda etter pandemien vil truleg vera annleis i høve transport (kortreist, langreist, helgeturar, osb), feriemåtar, smittehandtering, interesse for lokale/regionale produkt og tenester, mm. Dette gjev både stort behov for omstilling og tilpassing, men og vesentlege mulegheiter for å utvikle meir verdiskaping som og er meir miljømessig berekraftig. Kort sagt, ei næring og bygder i krise har og store utviklingsmulegheiter dersom realistiske strategiane blir gjennomført, steg for steg.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Prosjekteigar	Sogn Næring AS Org.nr:991493409	Trolladalen 30 6856 SOGNDAL	97587931
Kontakt	Sogn Næring AS	Trolladalen 30 6856 SOGNDAL	91676131

Prosjektbeskrivelse

Prosjektbeskriving

I tillegg til at dei hardt råka Sognebygdene og næringa i regionen treng ein restart av dei viktige utviklingsaktivitetane, som var i gang pre-korona, har erfaringar med lokale næringsssamarbeid i Sogn dei seinare åra gitt ein indikasjon på effektiv organisering og forankring av lokalt samarbeid.

Ei slik lovande organisering er heilt avhengig av lokale samarbeid, «lokale HUBar». Balestrand Adventure, er ein slik «lokal HUB», som har vist seg å vere ein effektiv arbeidsmåte for å skaffe, synleggjere og kvalitetssikre ein kritisk masse av tenester og produkt. Dette er særleg viktig for å utvikle ein realistisk heilårsturisme der bedriftene deler innsats og risiko lågsesongar fram til ein større heilårsturisme er utvikla.

Sjå vedlegg som viser effekten av tre slike lokale samarbeid for betre for å utnytta «den nye» marknaden som har oppstått under korona-pandemien: norske gjester, nasjonalt og lokalt, har oppdaga sitt eige land.

Med utgangpunkt i behovet, utviklingsplanane og organisering omtala i meir detalj i prosjektplanen har prosjektpartnerane spesifisert følgjande hovudmål og delmål for den nye felles satsinga:

Hovudmål

Prosjektet skal restarte og forsterke samarbeid og utvikling i kriseråka reiselivsbygder i Sogn for å auke verdiskaping og lønsemd gjennom lengre sesong, særleg ved å utvikle fleire heilårs arbeidsplassar i reiselivet og der gjennom meir levedyktige lokalsamfunn og bygder.

Hovudmålet skal realiserast gjennom følgjande sett av konkrete delmål:

Delmål 1: Oppsummere og dele erfaringane frå lovande vintersatsing før Korona

Delmål 2: Spesifisere fleire lokal samarbeid (HUB-ar) med kritisk sett av tenester

Delmål 3: Prøve ut og teste eit utvida sett av lokale tenester i dagens lågsesong

Delmål 4: Oppsummere og tilrå vidare satsing

Delmål 5: Gjennomføre effektiv prosjektleiing og kommunikasjon

Prosjektet blir gjennomført med eit sett av hovudaktivitetar organisert gjennom arbeidspakker (AP1 – AP5). Ei arbeidspakke tilsvara eitt delmål ovanfor.

Vedlagde prosjektplan viser i detalj samanhengane mellom behov, mål og tiltak, og med tidsplan, budsjett og finansiering.

Effekt mål

Effekt mål for prosjektet er kan utleiest frå hovudmålet i prosjektet.

Prosjektet skal skape vesentlege langsiktige effektar i lokalsamfunna ved å raskt restarte og forsterke samarbeid og utvikling i kriseråka reiselivsbygder i Sogn. Prosjektet skal resultere i vesentleg auka verdiskaping og lønsemd gjennom lengre sesong, i so stor grad at det blir utvikla fleire heilårs arbeidsplassar i reiselivet og der gjennom meir levedyktige lokalsamfunn og bygder der det i dag er einisidig næringsstruktur med sesongarbeidsplassar.

Resultat mål

Resultatmåla blir definert gjennom dei konkrete delmåla i prosjekt som blir operasjonalisert i kvar sin hovudaktivitet med konkrete resultat:

Delmål 1: Oppsummere og dele erfaringane frå lovande vintersatsing før Korona

Resultat: Oppsummeringsrapport med tilrådingar

Delmål 2: Spesifisere fleire lokal samarbeid (HUB-ar) med kritisk sett av tenester

Resultat: Spesifikasjon av forbetra samarbeidsformer og nye lokale HUBar og eit sett nye pilotprodukt

Delmål 3: Prøve ut og teste eit utvida sett av lokale tenester i dagens lågsesong

Resultat: Eit sett av operative pilottenester + resultat brukartesting

Delmål 4: Oppsummere og tilrå vidare satsing

Resultat: Felles oppsummeringsrapport med tilrådingar for neste sesong

Delmål 5: Gjennomføre effektiv prosjektleiing og kommunikasjon

Resultat: Administrativ og økonomisk rapportering og kommunikasjon internt og eksternt

Sjå vedlagde prosjektplan detaljar om samanheng mellom behov, mål og resultat

Tiltak som skal legge til rette for omstilling og utvikling

Hovedaktivitetane blir organisert i 5 arbeidspakker:

AP1: Oppsummere og dele erfaringane frå lovande vintersatsing før Korona

I nokre reiselivsbygder var vinteren 2019-20 den beste nokon gong, og viste svært lovande utvikling. Men då Korona-pandemien kom i mars 2020 vart bransjen hardt råka, og aktiviteten vart redusert til ein sesong omlag tilsvarande den norske «fellesferien».

Arbeidspakka skal dokumentere satsingane og erfaringane særleg frå miljøet i Flåm, som var komne lengst med vintersatsinga, men og Balestrand og Fjærland der lokale samarbeid var i ferd med å gro fram. Dokumentasjonen skal delast med andre bygder som eit kunnskaps- og erfaringsunderlag for å informere, motivere og restarte lokale prosessar som kjem i dei andre arbeidspakkene.

Deltakarar: Vestlandsforskning (leiing), Sogn Næring, verksemder i «lokale HUBar»

Resultat: Oppsummeringsrapport med tilrådingar

Tidsplan: Juni – september 2021

AP2: Spesifisere fleire lokal samarbeid (HUB-ar) med kritisk sett av tenester

Restarte og forsterke utviklingsaktivitetar bygd på lokale bedriftssamarbeid som har vist seg å vere effektive for å tilby ein kritisk masse av tenester med god kvalitetsikring. Arbeidet skal bygge på resultatane frå AP1, og skal fasilitere utviklingsarbeid mellom lokale bedrifter, både for å forsterke det lokale samarbeidet, og for å spreie arbeidsmodellen (lokale HUBar) til fleire bygdelag med ein-sidig næringsliv i krise etter korona-pandemien.

Flåm har vist at det kan gå. Flåm har økonomiske musklar og breie samarbeid nasjonalt og internasjonalt, og er svært viktige for å bringe folk inn i regionen. Balestrand-miljøet gjennom Balestrand Adventure har vist at dette også kan gjerast med små resursar og med samarbeid mellom små bedrifter. Dette skal restartast og forsterkast i desse bygdene og vidareførast til nye bygdelag. Arbeidspakka skal fasilitera utviklingsaktivitetar for desse hovudspørsmåla:

- Korleis kan HUBane utnytte «den nye» marknaden med norske turistar, som har oppstått etter korona, gjennom å samarbeide betre?
- Korleis kan HUBane utnytte «den nye» marknaden, til å utvikle fleire unike og kvalitativt gode opplevingar som trekker til seg gjester, med høg betalingsvilje heile året?
- Korleis kan HUBane bruke miljøengasjement som eit konkurransefortrinn for eksisterande kundar og nye gjester lokalt, nasjonalt og internasjonalt?
- Korleis kan HUBane utnytte Sogn sitt store lokalmattilbod i aktivitetar, i eigne matopplevingar (sanking og «matkurs») og for å utvikle restauranttilbod heile året?

Deltakarar: Sogn Næring (leiing), bedriftene, Visit Sognefjord, Vestlandsforskning

Resultat: Spesifikasjon av forbetra samarbeidsformer og nye lokale HUBar og eit sett nye pilotprodukt

Tidsplan: Oktober 2021 – desember 2021

AP3: Prøve ut og teste eit utvida sett av lokale tenester i dagens lågsesong

I denne hovudaktiviteten skal verksemdene i dagens og i nye supplerande HUBar implementere pilotversjonar og teste dei vidareutvikla produkta og tenestene spesifisert i AP 2. Samarbeid med verksemdar er vesentleg, og samarbeid mellom dei heilt lokale HUBane skal også stimulerast.

Testinga av pilottenester vil føregå med reelle turistar i dagens lågsesong og etter metodar frå opplevingsdesign. Viktige spørsmål testteamet skal undersøke saman med turistane er:

- Er kvaliteten på enkelttenester god nok?
- Er tenestene i samsvar med forventningane?
- Er summen av tilbod tilstrekkeleg?
- Er det «ekte» vinteraktivitetar eller berre kopi av sommaraktivitetar?
- Er samarbeidet mellom verksemdar og mellom bygdelag saumlaust?
- Er samla informasjon og opningstider for aktivitetar og attraksjonar godt nok?
- Osv.. fleire hovudspørsmål blir utvikla ut frå resultat i AP 1 og 2.

Deltakarar: Bedrifter i HUBane utviklar pilotar, Vestlandsforskning leiar testing

Resultat: Oppsummeringsrapport pilot tenester og resultat brukartesting

Tidsplan: desember 2021 – februar 2022

AP4: Oppsummere og tilrå vidare satsing

Dette er den avsluttande aktiviteten som oppsummerar erfaringar med pilottenestene i kvar lokal HUB og på tvers av HUBane og evalueringsresultata med reelle turistar.

Resultata skal drøftast i HUBane og i prosjekt samla, og skal ende i tilråding og prioritering for vidareutvikling til kommande sesong.

Deltakarar: Sogn Næring (leiing), verksemdar i «lokale HUBar», VisitSognefjord, Vestlandsf.

Resultat: Oppsummeringsrapport med tilrådingar for neste sesong

Tidsplan: Mars – mai 2022

AP5: Prosjektleiing og kommunikasjon

Arbeidspakka omfattar den gjennomgåande prosjektleiinga som skal informere om, samordne og følge opp det planlagde arbeidet i prosjektet for å sikre effektiv framdrift og gjennomføring. Sogn Næring er prosjektleiar. Sogn Næring har lang erfaring frå leiing av utviklingsprosjekt saman med lokalt næringsliv, og har ei rekkje medarbeidarar med solid erfaring i slik prosjektleiing.

Deltakarar: Sogn Næring

Resultat: Administrativ og økonomisk rapportering og kommunikasjon internt og eksternt

Tidsplan: Juni 2021 – mai 2022

Grupper tiltaka skal rettast mot (føretak, næring, arbeidstakarar etc.)

Målgruppa i prosjektet er reiselivsnæringa i Sogn som har satsa heilårsreiseliv, og dei som ynskjer å satsa med å utvikla heilårsarbeidsplassar og bidra til å løfta lokalsamfunnet att med ei berekraftig drift.

Inn under denne målgruppa er reiselivshubar som alt er etablerte og som skal kjem styrka ut av post covid med å stå samla og læra av kvarandre til å vidareutvikla seg.

I målgruppa er og reiselivsaktørar som ynskjer å satsa og etablera nye hub"ar basert på erfaringa frå eksisterande reiselivshubar på utvikling av reisemål.

Tiltaka si forankring i kommunale eller regionale næringsplanar

Forankring i lokale og regional planar

Restarting og nødvendig omstilling av det kriseråka reiselivet i dei einssidige reiselivsbygdene i Sogn er godt forankra i og fell inn under politisk vedtekne satsingar i ei rekkje lokale og regionale strategiske planar for næringsutvikling og lokalsamfunnsutvikling, mellom anna:

- «Strategisk plan for samfunns- og næringsutvikling», Sogndal kommune, 2021
- «Velkommen til Utfordrarbygda!», Samfunnsplanen, Sogndal kommune, 2021
- «Regionalplan for Sogn 2021-2024», Sogn regionråd, 2021

Prosjektorganisering

Prosjektet er organisert med eigen prosjektleiar, leiarar for kvar hovedaktivitet (arbeidspakke 1-5) og ei styringsgruppe som representerer næringa ved HUBane, det regionale destinasjons-selskapet og eigarkommunen til Sogn Næring. I tillegg til Vestland fylkeskommune bli invitert til å vere observatør.

Prosjektleiar: Sogn Næring

Sogn Næring driver førstelinjeteneste for Sogndal kommune (Fjærland/Balestrand) og Vik kommune. I tillegg opererer Sogn Næring næringshageprogrammet i allianse med Sognefjorden Næringshage, og er soleis kopla tett mot næringslivet i Aurland.

Arbeidspakkeleiarar (styrer kvar hovedaktivitet og er til saman «leiargruppa» i prosjektet):

AP1: Vestlandsforskning

AP2: Sogn Næring

AP3: HUBane for pilotar & Vestlandsforskning leiar testing

AP4: Sogn Næring

AP5: Sogn Næring

Styringsgruppe: 1 representant frå kvar av involverte lokale HUBar, Visit Sognefjord, Sogndal kommune, Vestland fylkeskommune (ev. observatør).

Vestlandsforskning har over 30 års erfaring frå forskings- og utviklingsprosjekt knytt til reiselivet. Instituttet har eit stort internasjonalt nettverk, og vil kunne kople på kunnskap og erfaringar frå dei beste regionane internasjonalt og frå nyaste vitenskaplege publisasjonar om reiselivet under og etter Korona-pandemien. Vestlandsforskning har lang erfaring frå bruk av dei aktuelle metodane i prosjektet, slik som brukartesting og opplevingsdesign.

Samarbeidspartnarar

Vestlandsforskning, Sogn Næring, Visit Sognefjord, Reiselivs Hub"ar beståande av privat næringsliv. Lokale og regionale styresmaktet er og viktige samarbeidspartnarar i eit slikt viktig omstillingsprosjekt.

Tids-/milepælsplan

Startdato: 01.06.2021 Sluttdato: 31.05.2022 Milepælsplan vedlagt søknad: Ja
Sjå vedlegg.

Kostnad-/finansieringsplan

Mottatt offentlig støtte tidligere:Ja

100.000 frå Fylkeskommunen

Kostnadsplan

Tittel	2021	2022	2023	2024	2025	SUM
AP1: Erfaring vintersatsing	200 000					200 000
AP2: Spesifikasjon HUB/tenester	420 000					420 000
AP3: Piloter og testing	100 000	500 000				600 000
AP4: Felles oppsum&tilråding		200 000				200 000
AP5: Prosjeiing og kommunike.	75 000	75 000				150 000
Møter, reiser, diverse	40 000	40 000				80 000
Sum kostnad	835 000	815 000				1 650 000

Sjå vedlegg for meir detaljar.

Finansieringsplan

Tittel	2021	2022	2023	2024	2025	SUM
* Nærings- og utviklingsfond	400 000	400 000				800 000
Aurland kommune	25 000	25 000				50 000
Eigeninnsats	310 000	290 000				600 000
Sogndal kommune	100 000	100 000				200 000
Sum finansiering	835 000	815 000				1 650 000

Eigeninnsatsen utgjer kr 600.000 i finansieringsplanen i heile prosjektperioden. Med ein gjennomsnittleg timepris på kr 650, på noverande tidspunkt, for dei partane som skal bidra med eigeninnsats, betyr dette at egeninnsatsen vil utgjere omlag 923 timar. Eigeninnsatsen vil i hovedsak komme under AP2 Spesifikasjon og

AP 3 Pilottenester. Fordeling på år gir ein timefordeling på 476 timar i 2021 og 446 timar i 2022, totalt 923 timar.

Geografi

4640-Sogndal, 4641-Aurland

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
SøknadSognReiselivHFK.pdf	339 596	14.05.2021